




Vik kommune

Rådmannen

Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER



2014 052 104 - 4
711 - 1417

Attn: Olav Svangstu

Vår ref.	Dykkar ref.	Sakshandsamar	Direktenr.	Dato
13/1002 - 27		Oddbjørn Ese	57 69 82 56	26.08.2014

Fylkesveg 121 - søknad om nedlegging/nedklassifisering .

Me viser til skriv frå dykk av 16.5.2014 som omhandlar søknad frå Statsbygg Vest om nedlegging/nedklassifisering av FV 121 ved Vik fengsel. Bakgrunnen for søknaden er planar om utviding av fengslet mot aust.

Fylkeskommunen som vegeigar er i utgangspunktet positive til forslaget, og Statens vegvesen (SVV) kan akseptera stenging av Røysavegen, på visse vilkår.

SVV legg til grunn fylgjande løysing på kort sikt:

- Elvegata frå Vange bru til RV 13 (ca. 900 m) vert mellombels omklassifisert til fylkesveg.
- FV121 frå Vange bru til RV 13 ved Rulsen (ca. 880 m) vert omklassifisert til kommunal veg.

SVV stiller vilkår for å godkjenne ei slik løysing:

1. Kommunen må få sett opp rekkverk/autovern langs Elvegata.
2. Stenging av vegen mellom Vange bru og RV13 for gjennomkøyring, ved skilting eller bom.

SVV ber om Vik kommune sin uttale/aksept som grunnlag for ei sak til fylkesutvalet.

SVV ser det som eit aktuelt alternativ at Elvegata vert den permanente tilknytninga til RV13 for FV121, og ber om Vik Kommune sitt syn på ei slik løysing.

Vik Kommune sin uttale:

Kommunestyret vedtok 26.6.2014 revidert arealdel til kommuneplanen. Ny plan legg til rette for utviding av Vik fengsel mot aust, og legg til grunn stenging av eks. FV121 ved Vik Fengsel. Planen viser ny trase for FV121 på strekninga Vik Fengsel - RV13 sør for Vik Kyrkje.

Vik Komme tek til vitande at midlar til omlegging i tråd med planen ikkje ligg inne i fylkeskommunen eller STV sine budsjett og planar. Vik Kommune er difor samd i at einaste realistiske løysing på kort sikt er omklassifisering av Elvegata til mellombels fylkesveg.

Vik kommune aksepterer vilkår 1 om opprusting av Elvegata med rekkverk i naudsynt utstrekning. Vik Kommune kan ikkje utan vidare akseptera vilkåra under punkt 2, slik dei står i brevet frå SVV.

Vegen Vange bru – Rv13 sør for skulen («Skulevegen») er eit viktig tverrsamband i Flatbygdi.

Vert vegen stengd for gjennomkøyring er kommunal veg over Hove einaste alternativ i tillegg til RV 13 ved fjorden. Me ser ikkje at det er grunnlag for å tru at stenging av Røysavegen vil føra til vesentleg auka trafikk i krysset der Skulevegen møter RV13. SVV seier i sitt brev at det vil vera forsvarleg med litt meir trafikk enn i dag i dette krysset, når det vert utført siktrydding og flytting av eit skilt. For det aller meste av køyretrafikken som i dag går via Røysavegen, vil Elvegata vera eit klart førsteval. Frå Vange bru til COOP-Vik i sentrum er veglengde den same via Elvegata og via Skulevegen. Vegstandard og fartsgrenser gjev *lenger køyretid* via Skulevegen.

Som eit ekstra tiltak for å gjera Skulevegen mindre attraktiv som alternativ til Elvegata for biltrafikk, vil Vik Kommune tilrå fartsgrense 30 km/t på heile strekninga Vange bru- RV13, og leggja ned 2 nye fartshumpar i tillegg til dei 3 eksisterande. Med desse tiltaka meiner Vik kommune at det er forsvarleg at Skulevegen er open for trafikk som ei *mellombels løysing* inntil nytt tverrsamband sør for Vik Kyrkje er på plass. Dersom køyretrafikken i krysset skulle utvikla seg vesentleg annleis enn det som her er lagt til grunn, vil Vik kommune vera villig til å vurdera saka på nytt.

Om Elvegata som permanent trase for FV121.

Vik kommune er samd i at Elvegata kunne vera ei naturleg permanent tilknytning til RV13 for FV121, som alternativ til traseen vist i ny kommuneplan. Inntil noko anna vert vedteke gjeld kommuneplanen som Vik kommune si haldning.

Om SVV finn det ynskjeleg, stiller Vik kommune gjerne til møte for å drøfta spørsmåla som er reiste, før saka blir sendt fylkesutvalet til avgjerd.

Med helsing

Oddbjørn Ese
Rådmann

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift